

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE  
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR I 2010**

Skjema skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest.

**Prosjektnamn**

**Prosjektet kallast " Utvida dagkirurgisk verksemd " og er ein del av prosjektet " Døgn til Dag "**.

**Prosjekteigar** (Helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjekt

Prosjekteigar er klinikkdirektør Tore Dvergsdal.

**Prosjektleder** (kontaktperson)

Prosjektleder er Kari Anne Indrebø.

**Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.**

Kvifor blei prosjektet starta?

- Helse Førde ynskjer å auke kapasiteten på sengepostane ved Førde Sentralsjukehuset.
- Redusere tal liggjedøgn.
- Redusere tal strykningar.
- Effektivisere drifta av operasjonsstuene. (Redusere førebuingstider og stueskift)
- Auke kvaliteten på handsaminga av dei kirurgiske pasientane, ved at dei er godt førebudde til operasjon.
- Redusere utgifter til pasientreiser.

**Mål for prosjektet**

Kva for forbetringar håper de at prosjektet skal føre til?

Formålet med prosjektet er å auke dagkirurgi og samedagskirurgi i Helse Førde. Prosjektet skal sikre at pasientar ikkje får unødvendige liggjedøgn pre- og postoperativt. Endring frå inneliggjande til dagpasientar krev endringar i pasientforløp for operasjonspasientane.

**Metodisk tilnærming/evaluering av effekt**

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Samhandling og brukarmedverknad samstundes som ein byggjer på lokale og nasjonale datagrunnlag.

Hovudmålet er god pasienthandsaming ved hjelp av god ressursutnytting. Prosjektet skal sikre faglig kvalitet og pasientsikkerhet - forsknings og erfaringsbasert.

Pasientkvalitet: pasienten kjem til sjukehuset og får behandling og kan deretter reise heim. Treng ikkje ta så mykje fri frå arbeid/familie og det er samfunnsøkonomisk.

Betre kvardagen for medarbeidarane ved at arbeidsdagen vert meir forutsigbar og at det vert færre endringar på operasjonsprogrammet.

**Planlagt bruk av resultat i eiga eining** (implementering i drift m.v.)

- Sikre system og innføring av desse som aukar dagkirurgisk og samedagskirurgisk verksemd ved FSS. Målet er å få til ei organisering som gjer at pasienten kan møte operasjonsdagen.
- Ha rutinar i samband med poliklinikkonsultasjonar. Alt skal være klart på poliklinikken t.d pre og postoperativ informasjon, anestesisyn, operasjonsdato. Pasienten skal møte på dagkirurgisk senter, sjukepleiar på dagkirurgisk senter førebur pasienten til operasjon.
- Sikre samhandling og rutinar på sengepostar i høve samedagskirurgi.

- Pasientar til store inngrep møter operasjonsdagen og blir innlagt etterpå.
- Ha oppdatert pasientinformasjon pre- og postoperativt. Skal skrivast pasientinformasjon på ortopedisk, kirurgisk og gynekologisk avdeling.
- Sikre avtale med pasienthotellet ved FSS og ekstern overnatting (Førde Pensjonat)
- Møte med Pasientreiser. Sikre at flest mulige pasientar kan bruke offentlig kommunikasjonsmiddel til og frå sjukehuset og koordinere operasjonsprogrammet i forhold til pasienten sin adresse.
- Planleggje og ser på utfordringar i høve areal ved FSS for dagkirurgi og samedagkirurgi.
- Sjå på organiseringa på operasjonsavdelinga. Få til faste team?
- Få til samarbeid med noverande lokalsjukehus/distriktsmedisinske senter, for å få pasientane best mogeleg førebudd til operasjon, med minst mogelig reisetid og god tilrettelegging i nærmiljøet

#### **Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen**

Fagtidsskrift, vitenskapleg artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv.

Dette er moderne pasientbehandling som kan innførast i alle helseføretak.

**Oppstartstidspunkt** (planlagt)  
Prosjektet starta Februar 2010

**Planlagt slutt**  
Prosjektet er planlagt slutt hausten 2010